



Arkivnr: 2017/857-29

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland og Marianne Ose Askvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		16.05.2017

### Prosjektilskot : større kulturtiltak. Tildeling 2017

#### Samandrag

##### Føremål med ordninga:

Tilskotsordninga er eit verkemiddel for å nå visjonen for kulturutviklinga i fylket, slik den er vedteke i Regional kulturplan 2015–2025: Hordaland skal vere ein leiande kulturregion.

Visjonen uttrykkjer ambisjonen om å vere grenseoverskridande og nyskapande med risikovilje, og å ta vare på og utvikle verdiar. Kulturlivet i Hordaland skal markere seg på høgt nivå, og denne ordninga skal kunne gjere mogleg realisering av utvalde, særskilde prosjekt som kan vere føregangsprosjekt i utviklinga av kulturlivet i fylket.

<b>Generelt:</b>	
Budsjett 2017	1 020 000 kroner
Søknadsfrist 2017:	1.mars
Vedtak kriteria:	KIRU 18.01.17: <a href="#">PS 6/2017</a>
Kriteria og informasjon om ordninga:	<a href="#">Informasjon på nettsida</a>

<b>2017:</b>	
Tal på søknadar:	30 søknadar
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	18 søknadar
Samla søknadssum:	3 460 600 kroner
Tilrådd fordeling:	1 020 000 kroner

**Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:**

Ut frå føremålet med ordninga og føringane i Regional kulturplan er det sett opp følgjande kriteria som søknadane har vore målt opp mot. Ein søknad må ikkje oppfylle alle desse kriteria, men jo sterkare ein oppfyller kriteria og jo fleire ein oppfyller, desto meir relevant vil søknaden vere for ordninga. Det skal vere føreseielege og transparente søknads- og handsamingsrutinar.

Føljande vedtekne kriteria har vore lagt til grunn for vurderinga av søknadane (ikkje prioritert rekkefølge):

1. I kva grad tiltaket oppfyller satsingar i Regional kulturplan.
2. I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket.
3. I kva grad tiltaket har verdi for kulturlivet i større delar av fylket.
4. I kva grad tiltaket er nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt
5. Om tiltaket kan kopla saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers.
6. I kva grad tiltaket er utadretta.
7. I kva grad tiltaket skil seg tydeleg ut frå ordinær, dagleg drift av ein organisasjon
8. I kva grad tiltaket har støtte i heimkommunen.
9. Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad.
10. Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet.

I tillegg er søknadar vurdert etter geografisk og sjangermessig fordeling.

I fylkesrådmannens individuelle grunngjevingar (vedlegg 1), er det vist til desse kriteria med nummer.

Når denne ordninga heiter *Større kulturtiltak* meinast det med større at det omsøkte tiltaket skal ha ei viss fagleg tyngd og storleik. Det skal vere særskilde tiltak med klåre prosjekttankar som skil seg tydeleg frå dagleg drift. Det skal vere tydelege føregangsprosjekt med klår verdi for utviklinga av kulturlivet i fylket. Dette har vore tydelegare kommunisert ut på nettsidene, og søknadsbunka inneheld færre, men meir relevante søknader enn tidlegare. Men ein ser framleis at fleire av søknadane ville vore meir relevante i andre av prosjektstøtteordningane. Nokon har søkt om same prosjekt i to ordningar. Ein kan ikkje flytte på enkelte søknader når fristen er ute og handsaminga er i gang, men om ein ser prosjektet til å vere meir relevant i anna ordning vert det opplyst i fylkesrådmannen sin kommentar, med oppmoding om å evt søkje anna ordning ved neste frist.

Det er likevel mange fleire gode søknader og høgare søknadssummar enn det er høve til å innfri innan dei økonomiske rammene. Prosjekta skal i høg grad innfri føremålet og stette mange av vurderingskriteria for å få støtte.

**Forslag til vedtak**

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling løyver 1 020 000 kroner over budsjettpost 400.725.03, slik:

	<b>Søkjjar</b>	<b>Tilråding</b>
1	Bergen filharmoniske orkester	80 000
2	BERGEN UNGDOMS-STORBAND (BUS)	avslag
3	BERGEN ZINES	23000
4	BERGEN ZINES	avslag
5	BØMLO KOMMUNE	100 000
6	EIKANGER-BJØRSVIK MUSIKKLAG	avslag
7	Eva Røyrane	avslag
8	Fitjar kommune	50 000
9	Fjordabaatane	90000
10	FÅRIKÅL AS	avslag
11	HORDALAND KUNSTSENTER	75 000
12	Janne Robberstad	20000
13	LARS OVE SELJESTAD	33 000
14	Manger Skulemusikklag	20 000
15	NORSKE KUNSTHÅNDVERKERE VEST NORGE	95 000
16	OPERA BERGEN	avslag
17	OPERA BERGEN	70 000
18	PAMFLETT	avslag
19	Pådriverne	40 000
20	SCENEFOLK!	90 000
21	SIMBA DANCE ENSEMBLE-S.I.D.E	avslag
22	STIFTELSEN KIRKENS BYMISJON I BERGEN	41000
23	STIFTELSEN SENTRALBADET LITTERATURHUS	40000
24	STIFTINGA MUSEUMSENTERET I	28000
25	STUDIO O AS	avslag
26	SWING BROTHER, SWING!	avslag
27	SYDNES OG NØSTET VELFORENING	avslag
28	UNISON AS	35000
29	VILL VILL VEST	90000
	<b>SUM</b>	<b>1 020 000</b>

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*  
**Fylkesrådmannen, 25.04.2017**

Viser til vedlegg med oversyn over søknadane med fylkesrådmannens grunngjeving til kvar søknad. Dei individuelle grunngjevingane må sjåast som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsbunke.